

KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET  
Postboks 8112 DEP  
0032 OSLO

---

<b>Dato</b>	29.06.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/44484-3
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Stein Olav Njøs
<b>E-post</b>	Stein.Olav.Njos@vlfk.no
<b>Telefon</b>	95191855

## Høyringsvar - Pliktig innmelding av grunnundersøkingar og naturfareutgreiingar

Vestland fylkeskommune viser til Kommunal- og distriktsdepartementet sitt høyringsforslag om pliktig innmelding av geotekniske grunnundersøkingar og naturfareutgreiingar sendt 20. mars 2023.

Vestland fylkeskommune er positive til høyringsforslaget, og vil med dette kome med nokre supplerande merknader.

1. Vestland fylkeskommune støttar forslaget om endringar i plan-og bygningslova, åndsverklova, samt tilhøyrande forskrift som sikrar offentleggjering av grunnundersøkingar og naturfareutgreiingar.
2. Vestland fylkeskommune ønskjer at det blir teke initiativ til å inkludere allereie gjennomførte grunnundersøkingar og naturfareutgreiingar som hittil ikkje er delt offentleg.
3. Vestland fylkeskommune ber departementet vurdere korleis ordninga vil verke for enkeltpersonar og næringsliv. Vi vil peike på at det verkar svært urimeleg at td ein husbyggar må ta heile kostnaden med grunnundersøkingar og naturfareutgreiingar, medan den/dei neste i området kjem gratis ifrå det. Særleg vil det råke dei som byggjer i mindre bygder der det ikkje blir tilrettelagt med offentleg byggefelt. På same måte vil desse kostnadane råke mest dei delane av landet der ein har større utfordringar, td med rasfare enn andre stader. Slik sett kan det føre til jamt over høgare utbyggingskostnader i desse områda, noko som står i motstrid til signala som ligg i regjeringa si nye distriktsmelding. Det bør utgreiast ein type anleggsbidrag for ordninga.

Med helsing

**Dina Lefdal**  
avdelingsdirektør  
Avdeling for infrastruktur og veg

**Stein Olav Njøs**  
lleiar Geo og skredeininga

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*